



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Svar på søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endra anleggskonfigurasjon på lokaliteten Duesund i Masfjorden kommune

Vi viser til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS datert 19.02.2021 oversendt frå Vestland fylkeskommune den 25.02.2021. Engesund Fiskeoppdrett AS søker om endra anleggskonfigurasjon på lokaliteten 11644 Duesund i Masfjorden. Søknaden inneber plassering av ei ekstra fôrflåte aust for eksisterande fôrflåte på anlegget i dag. Denne flåten blir liggjande innanfor AK område i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Statsforvaltaren hadde merknad til søknaden i brev datert 12.03.2021. Vi var uroa for at etablering av flåte nr 2 ville føre til auke i støyutslepp. Engesund Fiskeoppdrett AS har i sitt svar til Statsforvaltaren gjort greie for at det framleis skal vere to fôrblåsarar, ein på kvar flåte, og at det difor ikkje vil vere auke i utslepp av støy.

Statsforvaltaren har difor ingen merknad til søknaden då det ikkje vil vere trong for å gjere endringar i gjeldande utsleppsløyve.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
ENGESUND FISKEOPPDRETT AS	Postboks 64	5418	FITJAR